

# Kringkastingsringen

## Arbeidsplan 2020– 2021

Kringkastingsringen skal arbeide for at

- a) styresmaktene legg forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media
- b) språket i medieverksemduene speglar språkmangfaldet i Noreg
- c) fleire journalistar nyttar nynorsk

Det vil me gjera gjennom følgjande tiltak:

### 1 Påverke styresmaktene

Norsk språkpolitikk bør synast att i norsk mediepolitikk. Kravet om 25 % nynorsk i NRK har vore utruleg viktig for nynorsken. Diverre har krava til andre allmennkringkastarane ikkje vore like tydelege og styresmaktene har heller ikkje nokon god strategi opp mot dei nye medieplattformene.

Kringkastingsringen skal løfte opp spørsmålet om nynorsk, dialektar og samisk i alle samanhengar der det er naturleg, og minne styresmaktene på at dette spørsmålet høyrer heime i mediepolitikken.

Særleg viktig er dette i program retta mot born og unge.

Tiltak

- Skrive lesarinnlegg
- Levere høyringssvar på aktuell saker
- Løfte fram problemstillinga i eigne kanalar
- Ha eigne møte med styresmakter og politikarar

### 2 Medieverksemduene

Skepsisen mot nynorsk er mindre enn kva den var tidlegare i redaksjonane. Men ein auke mengd og i tal på redaksjonar kjem ikkje av seg sjølv. Difor skal Kringkastingsringen halde fram med å møte redaksjonane direkte og snakke om nynorsk og dialekt.

Tiltak

- Ha møte med Kringkastingssjefen og leiinga i NRK.
- Ha møte med TV 2 og andre kringksastarar

### 3 Møte journalistane

For at nynorsk og dialektane skal få den plassen dei har krav på i media, trengst det nynorskskrivande journalistar. Dei må òg ha den tryggleiken som trengst for å halde på språket sitt i ei bokmålsdominert medieverd. Her spelar journalistutdanningane ei viktig rolle.

Tiltak

- Halde fram med å sende helsing til nynorskpraktikantane kvart halvår.
- Invitere Norsk Journalistlag til eit møte for å finne felles arbeidsområde.
- Gi merksemd til nynorskskrivande journalistar

### 4 Gjere organisasjonen synleg

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon og det er viktig å syne fram kva arbeid som blir gjort for medlemane våre. Difor er det viktig å gjera organisasjonen synleg. Ein synleg organisasjon vil også gje oss større tyngd i møte med styresmaktene og medieverksemduene.

## Tiltak

- Dele ut Kringkastingsprisen
- Dele ut kopp og diplom
- Vitje dei Nynorske festspela
- Arrangere minst ein open kveld i løpet av perioden
- Gje ut minst tre nummer av Kringom
- Halde fram med å nytta heimesidene og sosiale media til å nå ut med politikken vår

## 5. Styrkje organisasjonen

Medlemane våre gjev oss både tyngd som interesseorganisasjon og økonomiske ressursar til å drive det utetterretta arbeidet vårt. Vi har jamt over svært lojale medlemmar, men mistar også nokre, og det er få under 30 år. Å auka medlemstalet er difor ei viktig oppgåve dei kommande åra.

## Tiltak

- Ha ein vervekampanje i løpet av året
- Ha oppdatert vervemateriell
- Lage vervetilbod